



Ein svært vellukka mosaikk av jazz, folkemusikk og ny musikk. Det er konklusjonen som sakyndige kjem med etter å ha høyrd det 10 minuttar lange bestillingsverket Tida i Steinparken i ettermiddag. Eit forsterka Jazzverk framførte det og gjev uttrykk for at dei svært gjerne framfører det ein gang til. Kvifor ikkje allereie på fredag i Uskedalen då det dyktige bandet skal spela uansett?

Tida vart spela og sunge i forkant av opninga av den unike Tidsaksen som vart avduka av ordførar Synnøve Solbakken og forklara av professor Jørn H. Hurum på ein pedagogisk lettforståeleg måte. Han gjorde ufattelege tidsintervallar fattbare. Men mykje vil nok aldri fatta, til dømes kvifor 96 prosent av alt liv døde for 250 millionar år sidan.

Etter det verbale fekk vi ein sterkt svingande sekvens med ei rad udødelege låtar tolka på ein måte som berre røynde musikarar kan. Til dømes har vi sjeldan høyrd ein så mangfaldig tolking av The girl from Ipanema.

Uskedalens innslag i bandet gjorde som vanleg jobben prikkfritt, Sindre Aksnes med diverse perfusjonsinstrumentar og Vegard Døssland på trompet (bileta over og under)

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

